

Arbeid og arbeidsfolk i lokal historie¹

Av Ingar Kaldal

Det eg har skrive av historie om arbeid og arbeidsfolk, har eg skrive utan tanke på at det skulle vere «lokallhistorie». I fleire samanhengar har eg til og med uttrykt meg både kritisk og kjettersk om «lokallhistoria» – da først og fremst med tanke på korleis ho er vorte forma som program og ideologi.² Samtidig har mye av det eg har sysla med av historie om arbeid og arbeidsfolk, på fleire vis vore utført nettopp som *lokal* historie. I fleire prosjekt har eg prøvd ut akkurat den synsvinkelen: korleis kan ein få betre innsikt i historiske prosesser i folks arbeid og dagelegliv, ved å utforske dei innan lokalt avgrensa område?³

Arbeid i lokale miljø – og i lokale sokelys

Svaret på det spørsmålet kan uttrykkast allment, og nesten sjølv sagt: Det er ved å avgrense undersøkingsfeltet til lokale område at ein både kjem nært inn på menneska og dei historiske samanhengane dei har levd i. Dette kan utdjuast i fleire retningar. Ein handlar om at det er lokalt ein finn variasjonane, nyansane, mangfaldet – og dei lokale særprega, noe mange ser som *det lokale*.

Men ein kan like gjerne sjå det lokale som ein stad å granske betre også det som ikkje i *den forstand var lokalt*: ofte får ein nettopp i lokale sokelys betre auge på korleis også heilt allmenne utviklingstrekk har verka. Eg tenker da på endringar og prosessar som har skjedd over alt, i heile landet, ja til og med slike som ein gjerne ser som globale. La oss knyte den tanken til det som her er tema: det er på lokale arbeidsarenaer dei fleste arbeidande menneske har hatt å gjere med såvel allmenne som spesielle krav om kvalifikasjonar og kompetanse, arbeidsmoral og disiplin. Og det er der dei har vore med på å danne vanlege såvel som uvanlege mønster for arbeidsdeling mellom kvinner og menn, eller

mellom ulike yrke. Vidare er det i lokale omgjevnader dei fleste arbeidsmenneske har gjort sine erfaringar både med fagorganisering, politikk, solidaritet og kapitalisme – same kor nasjonalt eller globalt forgreina, eller likearta, desse forholda elles kan ha vore.

Dette inneber ikkje at den lokale utforskinga av eit arbeid kan lukkast inne i lokale grenser. Tvert imot vil det utdjupe forståinga av ei lokal arbeidsverd om ein forfølgjer dei trådane ho har vore voven i hop med, dit dei har hange fast, t.d. i internasjonal kapital.⁴ Kanskje treng ein for å forstå kva arbeidet kravde av kunnskapar og ferdigheiter, også å sette seg inn i læremateriell frå kurs eller skolar. Det lokale sokelyset må kombinerast med blikk utover. Perspektivet må femne korleis sjølv dei fjernaste kreftene kan ha bidrige med trådar til veven. Dette hindrar ikkje utforskningsinteressa – når det skal handle om arbeidet – i å vere retta mot den arenaen der det vart utført og erfart. Det var *der* kapitalmakta vart merka, og det var *der* skolekunnskapen vart brukt, eller ikkje brukt. Utan det lokale sokelyset vil ein vanskeleg kunne fortelje ei historie om arbeid og arbeidsfolk som gir forståing av korleis ho var skapt ved at fleire trådar var fletta i hop til ein kompleks vev.

Dette utgangspunktet let seg hevde som fruktbart uavhengig av kor lokale – i betydninga lokalt særeigne – dei arbeidsverdene ein vil utforske, har vore. Slik den biologen som vil forstå korleis støvberarane på ein plantesort fungerer, ikkje finn ut det berre ved å ta eit vidt overblikk på ei heil blomstereng, men ved å legge ei plante, og helst ein bit av ho, under mikroskopet, slik finn ein som historikar ofte fram til dei konkrete og nyanserte forståingane av eit bestemt arbeid ved å studere det nært og grundig der det vart utført.

Ein slik måte å sjå lokal historie på, kan ofte vere vanskeleg å plassere inn i ein vanleg måte å tenke «lokallhistorie» på, som totaliserande



Rutebåten Yrjar blir ekspedert på kaia på Kverka (på Frøya), på ei av rutene til Fosen Dampselskap ca 1950. I synsfeltet har ein her fanga inn ein arbeidsarena der fleire arbeidsoppgåver og grupper arbeidsfolk møttest. Er det her fruktbart å sjå arbeidet på kaia som meir lokalt enn arbeidet på båten? Foto: Trøndelag Folkemuseum. Fotograf: Astrid (Witzøe) Brass.

lokalsamfunnshistorie. For den vegen som utgjorde ei lokal arbeidsverd, kan ofte vise seg å vere enten mye mindre eller større enn eit lokal-samfunn, og den kan vere heilt annleis avgrensa og forgreina. Det gjeld ikkje berre dei mange trådane ei arbeidsverd kan ha hange saman med, men også ved at arbeidet i seg sjølv kan ha utspunne seg på tvers av det ein gjerne tenker på som «lokalsamfunn». Ei historie om arbeidet på frakteskuter langs kysten, der ein «følgjer» mannskapa sitt arbeid på lange turar, blir da ikkje mindre lokal enn historia om arbeidet over fleire generasjoner på eit og same gardsbruket. Poenget med det lokale blir da å rette søkelyset nært innpå den arbeidsverda det handla om, det som utspunne seg på skutene, i havnene og på sjøen – tvers igjennom og langt forbi kanskje mange lokale «samfunn». På ein måte kan ein da kanskje sjå båten som eit slags «samfunn». Men her er det truleg meir fruktbart å la det lokale handle om blikket og perspektivet, heller enn om studieobjektet og karakteren av det.

I forhold til planteforskaren og støyverbarane vil ein viktig forskjell vere at den som utforskar

historia om eit menneskeleg arbeid, svært ofte må erkjenne at dess grundigare ein granskar ho i lokalt søkelys, dess meir varierande, mangfaldig og fleirtydig viser arbeidet seg å ha vore. Det gjeld også det arbeidet som *elles* har vore utført og utforma nokså likeeins frå stad til stad. Når den omgivnaden eit arbeid har vore del av, har variert, skal det mye til at ikkje også arbeidet sine betydningar og meiningsinnhald har variert, same kor mye det – på eitt vis – har handla om «det same» arbeidet.

I menneskesamfunnet er det like normalt å vere uvanleg som å vere vanleg, og om ein tenker på sitt eige liv: same kor mye ein reiser kvar morgon til det same arbeidet, er ingen arbeidsdag *heilt* lik den andre. Det bør ein også tenke igjennom som historikar: same kor mye ein leiter etter felles mønster og like trekkt, bør ein aldri slutte å sjå det uvanlege som like normalt, viktig og lærerikt å utforske som det vanlege.

I Edvard Bull sitt program for å rette meir av historieskrivinga mot sjølve arbeidet, heitte det i 1975: «Mine hovedspørsmål dreier seg om i hvilken grad og på hvilke måter *folk flest* har

kunnet bestemme over sitt eget daglige liv, framfor alt sitt arbeidsliv» (mi uthaving)⁵. Det er god grunn til å sjå «folk flest» som eit nøkkeluttrykk i det sosialhistoriske programmet han og andre på den tida sto for. Det kan tolkast i fleire retningar. Først og fremst signaliserte uttrykket ei stillingstaking for «folket», dei som levde utanfor elitane og makta, på same måte som når vi seier «mannen i gata». Men ein gong presiserer Bull det noe annleis: «Hovedkriteriet for hva som er viktig i fortida er for meg *antallet*: Det viktige er det som vedkommer mange mennesker, viktigere jo flere de var» (Bulls uthaving). Han nyanserte det ved å innrømme at ein måtte interessere seg for elitane, altså også dei fåtallige, «når det var dem som hadde makt». Men dei òg var for Bull viktigare å utforske dess fleir dei hadde makt over.⁶ I dag er dette synet lett å problematisere. Nye retningar innan kultur- og mikrohistorie som – i tråd med Bull – har gjort til sitt program å rette søkelyset mot konkrete og avgrensa felt av menneskelivet, har gjort det utan å la «antallet» avgjere kva grupper eller emne ein vil utforske. Også utanfor elitane finst menneske og grupper med liv og erfaringar som gjer dei lærerike å utforske historisk, utan at dei verken har hatt makt eller vore mange. Noe anna er at også historie om det uvanlege bør «vedkommen» dei mange, t.d. ved at ein prøver å finne svar på spørsmål som mange kan lære noe av. Men det er noe anna enn å bruke «antallet» som kriterium for kven ein vil skrive *om*.

Den lokale bakstekona som ein kanskje har mye godt materiale til å skrive om, kan ha vore ei heilt «gjennomsnittleg» bakstekone, eller noe heilt «for seg sjølv» og fullstendig utypisk for si gruppe. Det siste gjer ho slett ikkje mindre lærerik å utforske historisk enn det første (Bull ville forresten truleg i begge tilfelle ha innlemma ho i «folk flest»). I litteraturhistoria er det heller ingen som ser ei forfattarinne som mindre interessant fordi om det ho skrev var heilt spesielt og utanomvanleg – tvert imot. Her ligg nettopp mye av fortrinnet (og tradisjonen?) til den lokale historia: i ho finst rikeleg med plass til å utforske og fortelje om også dei innsiktene i menneskelivet som i den «allmenne» historia ofte får tronge kår – blant anna fordi ho bruker så mye av energien sin på å finne ut kva som var vanleg, og prøver å femne det med begrep som er så forenkla at dei skal kunne «passe» på flest muleg

eksempel. Det siste er lokal historie mindre hemma av.


Arbeid og arbeidsfolk, og klasse, rørsle og samhald

Mye kunne ha vore sagt om kva som *er* skrive om arbeid og arbeidsfolk i norsk lokalhistorie. Noen systematisk gjennomgang av det er ikkje gjort. Ein seier neppe noe galt ved å påstå at det varierer: noen by- og bygdebøker har med mye, andre lite, og for mange lite og ingenting. Og måtane å skildre arbeid på har truleg vore mange.

Interessa for denne delen av historia har gått opp og ned. I seinare år har mange meint at tida er over for å vere så opptatt av arbeid og arbeidsfolk – underforstått: som mange var i 1970-åra og 80-åra. Det ein da lett glømmer, er at *det* var ein periode med sterk interesse for visse sider ved arbeidarhistoria, ikkje minst for arbeidarrørsla og ideologiane. Sjølve arbeidet vart trekt inn i søkelyset først og fremst i 1980-åra, men det også i begrensa omfang både tematisk og i perspektiv – det ser ein lett i ettertid. Mest handla det om lønnsarbeid på store industrielle og mannlege arbeidsplassar.⁷ Etnologien har lengjer tradisjon enn historiefaget i å skildre arbeid i seg sjølv – fra *sine synsvinklar*⁸. Likevel ligg enno store felt og tema innan arbeidet si historie framleis utforska.

No er det her som elles meir fruktbart å rette blikket framover mot kva som kan gjerast, enn på å gråte over spilt melk, eller uskriven historie. I historiefaget er *det* forresten nokså greit: for så lenge arkiv og kjelder blir tekne vare på, kan dei alltid opnast seinare ein gong – når vi får tid eller har funne på nye spørsmål vi vil ha svar på. Når det gjeld sjølve arbeidet si historie er det likevel ikkje *heilt* slik. Arbeidet er ein del av menneskelivet som ofte ikkje har etterlate seg mye skriftleg materiale. Mange yrke og arbeidsverksemder let seg berre skildre ved å snakke med dei som har utført dei. I mange tilfelle reduserer det horisonten for kva som let seg skildre, til den perioden som ligg innanfor manns minne.

Her har lokalhistoriorørsla eit alvorleg problem å tenke over. Om ein i eit lokalt miljø skuslar bort sjansane til å ta vare på kjelder og historier om arbeid og arbeidsfolk, er det ein stor og viktig del av miljøet si fortid ein mister ut av minnet.



Flatbrødbaking i eldhus, demonstrert på Trøndelag Folkemuseum i Trondheim ein gong i 1983. Foto: Trøndelag Folkemuseum. Fotograf: Dag Nystuen.

Det er nesten banalt, men dermed ikkje mindre viktig å minne om.

Her bør ein skilje mellom «arbeid og arbeidsfolk» og arbeidarrørsla, for den siste har etterlate seg mye meir varig materiale enn livet i arbeidet. «Arbeid og arbeidsfolk» er både eit uendeleg mye vidare og mangslunge felt, og samtidig mye fattigare «bevart» for ettertida i form av kjelder. Medan arbeidarrørsla har eksistert berre i éin (kort?) periode av historia, og har omfatta berre ein del av det ein kan sjå som arbeidande menneske, handlar «arbeid» om eit nesten uendeleg stort mangfold av ulike verksemder som eit like stort mangfold av små og store grupper av arbeidande menneske har drive med for å dekke behov dei har meint å ha. Og i alle historiske epokar har dei aller fleste menneska på ein eller annan måte levd av å arbeide.

Noen merknader bør også knytast til begrepet «arbeidsfolk». Det er ein vidare og opnare merkelapp enn «arbeidarklasse». I dei fleste saman-

hengane dei to begrepa er vorte brukte i, har dei truleg dekt nokså ulike grupper menneske. Mye kunne ha vore sagt om det. Meir interessant er det å tenke over at dei begge uttrykker meir eller mindre tydelege meiningsinnhald, som er ulike. Dei er forbundne med ulike måtar å tenke på, både om arbeid, arbeidande menneske og om forholdet deira til samfunn, historie og utvikling. Det eine er kjent for sine ideologiske assosiasjoner, og koplinger til klassekamp og omvelting. I dag er «arbeidarklasse» vorte eit såpass politisk tynga ord at det ofte kan framstå som vanskeleg å bruke. «Arbeidsfolk» hørest i så måte nesten uskuldig. Men det òg uttrykker ofte meir eller mindre tydelege meininger om verdiar knytta til arbeid, og om kva rett arbeidet gir den som utfører det, til å bli respektert i samfunnet. Sjølv om det i blant kan kjennast nesten nøytralt å snakke om «arbeidsfolk», lurer ein berre seg sjølv om ein trur at ein med det har funne seg eit meir verdinøytralt uttrykk enn «klasse» (for den som måtte leite etter det).

No bør heller ikkje klassebegrepet utan vidare få lov til å blåse bort i nye ideologiske vindar, på same måte som interessa for «arbeid og arbeidsfolk» ikkje bør få det. For også klasseforhold har det i seinare år vist seg muleg å skildre på nye måtar. Blant anna har det vorte lettare i dag å sjå at dei menneska som i si tid bygde opp ein organisert arbeidarklasse, var folk med til dels svært så ulike arbeidsliv og livserfaringar. Danninga av klassar let seg vanskelegare enn før skildre som «naturleg» resultat av sosiale eller materielle likheiter, eller som realisering av latent solidaritet som låg i arbeidsfolk sitt «vesen». Å forklare den prosessen krev i dag meir og meir innvikla historier som også viser korleis ulikheiter vart bygde bru over, og korleis fellesskap vart skapte der dei ikkje fanst frå før, og der «jordsmonnet» for samhald kunne sjå skralt ut.⁹

Korleis slike prosessar kunne skje, kan ein sjølvsgått prøve å finne ut noe om ved å utforske dei ideane og strategiane som vart utvikla frå «sentralt hald». Men same kor mye ein gjer det, kjem ein ikkje bort i frå at det var rundt om i dei ulike lokale arbeidsmiljøa, på arbeidsplassar og på stader der folk arbeidde og levde, at dei faktisk slutta seg til ideane og rørsla. Kan hende er det av og til meir fruktbart å sjå dei lokale miljøa som denne prosessen sine sentra, enn det ein vanlegvis tenker på som «sentralt». Der – lokalt – kan idear som hos «sentrale» ideologar

hadde eitt innhald, ha vorte tillagt andre betydning og meiningsinnhald. Desse bør ein da tolke i lys av den konteksten dei var omplanta til, om ein vil forstå kva som fenga, eller vart avvist. I lokale kontekstar tok folk stilling, der melde dei seg inn, og der tok dei – meir eller mindre – del i rørsla. Ved at dette skjedde mange stader, kom det til å skape sterke samfunnsforandrande krefter. Cellene i dei prosessane var lokale, same kor mye krafta i veven fekk nasjonal og internasjonal betydning.

I *det lokale* sokelyset finst også gode høve til å kaste nytt lys over det at utviklingsretninga i desse prosessane ikkje var eintydig, og at mye kunne ha gått annleis. Mange prøvde faktisk mye anna enn det som til slutt vart rådande retning i «utviklinga». Solidaritet og samhald vart skapt og forma av menneske som kunne ha gjort mye annleis. Og ofte gjorde dei det. Om dei da kom til å stå som mindretal, unntak, eller taparar, blir dei ikkje dermed mindre lærerike å skrive historie om.

Poenget med dette er ikkje å undervurdere betydninga og styrken til samhaldet og solidariteten mellom arbeidsfolk «før i tida», men å åtvare mot å ta den for gitt. Sjølv om ein bør ta alvorleg alt som blir fortalt om kor godt samhald det var før, bør ein stadig vere open for at mye anna enn *det* kunne prege forholda på ein arbeidsplass. Samhald hører til dei tema som har lett for å vekse seg både varmare og sterkare når dei blir formidla i historier om «den gong da». I blant kan dei stadig gjentekne forteljingane om «samhaldet før» faktisk tolkast som uttrykk for at det var vanskeleg å stå saman, men at når ein likevel gjorde det, hugsar ein det i ettertid som godt (kanskje fordi det var så viktig – når ein klarte det). Å ta alvorleg det kjeldene fortel, er ikkje det same som å ta dei bokstaveleg, og å tru at «slik var det». Samtidig er det å tolke, snu og vende på «det kjeldene seier», ikkje det same som å tru at dei lyg. Om ikkje det kjeldene seier, betyr at «slik var det», så kan det likevel bety at «slik var det viktig å ha det», eller «slik har vi brukt å fortelje om det». Og det siste er ikkje mindre historisk interessant enn det første, om ein leiter etter meiningssamanhangar i arbeidsfolk sine liv.

Skal forteljingane om arbeid og arbeidsfolk bli betre, det vil seie meir historiske, må dei vere opne for å ta med i sine bilde det eine såvel som det andre, både av samhald og strid, fellesskap

og motsetningar, solidaritet og konkurranse. Og same kva ein finn, bør ein alltid vere open for å tolke det på nye måtar. Det er svært ofte i *den* delen av historieskrivinga ein lærer noe nytt.

Arbeid er viktig – også i seg sjølv

Historie om arbeid er viktig ut frå mange grunnar. Éin er at ho kan kaste nytt lys over det vi elles veit om både klasseforhold og arbeidarrørslle. Samtidig er «arbeid og arbeidsfolk» ikkje vanskeleg å grunngi som viktig å interessere seg for i seg sjølv. Her kan ein argumentere i forlenginga av Edvard Bull sin tenkemåte om «antallet», utan å gjere det til kriterium for kva grupper ein vil skrive historie om:

Det er neppe noe *så* mange menneske i *så* mye fortid (all tid!) har brukta *så* mye tid og krefter på som på å arbeide. Og enda viktigare: tenk på alt som har vore knytta til arbeid av ulike kjensler og meiningsinnhald. Arbeid har vore tema for uendelige mengder av trøytelik og smerter, kjedsomheit og moro, hat og kjærleik, verdsetting og utbytting, verdigkeit og fornedring, ære og vanære, tap og erobring, innsats og motstand, skapartrong og ødelegging, identitetar og av og til knuste sjølvbilde.

Å spørje kvifor det stadig er så lite om sjølve arbeidet i historiebøkene, er eit spørsmål som det er like viktig å halde varmt, som det (for noen) er trøyttande å høre. Same kor mye det hørest som eit spørsmål frå 1970-åra, er det ikkje mindre aktuelt i dag, og heller ikkje vanskeleg å stille som *nytt*. For i dag bør det rettast mot behovet for å få vite meir om alt slags arbeid, ikkje berre arbeid for lønn, og ikkje berre arbeid i «arbeidslivet». Særleg finst det mye arbeid som kvinner har utført, som historikarar knapt har tenkt seg tanken på å skrive om – enno.

Ein annan grunn som stadig sterkare let seg hevde for å interessere seg for arbeid i historia, er at det i overgangen til det «etterindustrielle» samfunnet har skjedd meir grunnleggande endringar i arbeidet og forholdet vårt til arbeid enn kanskje noen gong. Det er for lengst vorte vanleg å seie at arbeidet i denne fasen har *mista* betydning som grunnlag eller premissleverandør for identitetar, ideologiar og politikk. Og mye sant er det i det. Fleire andre sider ved livet er i alle fall vorte viktigare enn før for våre identitetar. Men framleis betyr arbeidet ein god del for «kva vi er». Tenk over kor ofte vi fortel om oss sjølve

ved å fortelje kva vi har som yrke eller kor vi arbeider. Og da tenker vi stadig på det vi gjer «på arbeid», ikkje på støvsuginga kvar fredag eller plenslåinga, sjeldan også på det «arbeidet» vi som fedre og mødre legg i å fostre våre barn.

Arbeid betyr altså stadig mye. Men det har fått knytta til seg andre verdiar og meiningsinnhald enn før. Det gjeld alle yrke og bransjar. Verken husmora, sosialarbeidaren, bonden, fabrikkarbeidaren eller butikkspeditrisa vil i dag ha vanskar med å fortelje om utviklinga på sitt arbeidsfelt utan å kunne skildre det som omveltning, om forskjellar av typen «natt og dag». Og dei fleste kan fortelje om dette i form av ei eller anna «fantastisk» eller «voldsom» historie. Desse historiene kan samanfattast til «endringar i jordbruket etter krigen» eller «historia om husmorarbeidet». Men skal forteljinga få fram korleis slike prosessar var konstituerte i sin kompleksitet i konkrete kontekstar (!), må ho på ein eller annan måte rette søkelyset mot lokale forhold. Da blir forteljinga også historisk.

Da er det også viktig å rette utforskningsinteressa mot arbeidet i seg sjølv. Det temaet har hatt lett for å bli sett som viktig først og fremst når det kan kaste lys over noe anna. Både «arbeidarhistorie» og «arbeidets historie» har ofte vorte assosiert med arbeidarrørsla si historie. No er det ikkje nødvendigvis noe galt i det, for det har komme mye fruktbart ut av å sjå rørsla i samanheng med arbeidslivet. Meininga er heller ikkje å påstå at det er skrive nok om den organiserte arbeidarrørsla (i dag er det alt for laber interesse for historia til denne folkerørsla som kom til å farge 1900-talet meir enn nesten noe anna). Potenget er meir at mye av det som til no er skrive om sjølve «arbeidslivet» si historie, har vore prega av at ein har sett den organiserte rørsla som eit slags *sentrum*. Det gjeld også i mye lokalhistorie.

For det første er det ikkje sjeldan å høre at kritiske spørsmål om korvidt arbeid og arbeidsfolk har fått noen plass i utgitte by- og bygdebøker, blir *redusert* til korvidt arbeidarrørsla er «rimeleg» dekt eller ikkje. Omfangsrike kapittel om arbeidarrørsla fungerer ikkje sjeldan som pleie av samvitet (vel å merke i den grad forfatnaren forstår det som noe sakn å ikkje ha brukt plass på å skrive også om det arbeidet folk har levd av i det miljøet bygde- eller byhistoria handlar om – og *det gjer ikkje alle*).

Ein slags «rørslе-sentrisme» kan av og til også

skimtast i mye som *er* skrive om arbeid og arbeidsfolk. Det gjeld utval av tema og grupper å skrive om. Dei same gruppena som har betydd mye i fagorgansasjonen, har gjerne også vorte valde ut når ein skulle utforske arbeidslivets historie: jern- og metallarbeidarar og andre mannlege handverksyrke og fabrikkarbeidargrupper. I mindre grad har det handla om grupper som seitn eller aldri kom til å danne noen sterk organisasjon til å fremme sine interesser. Men her skjer det viktige endringar. I den nyaste historia om jord- og skogsarbeidaranane, som seitn kom med i fagrørsbla, har sjølve arbeidet vorte godt og grundig skildra¹⁰. Vi har også fått ny viten om husmødrene si historie, men da først og fremst om organisasjonslivet deira¹¹. Mindre er skrive om arbeid som husmødre har gjort¹².

Om ein tenker på kva hus, heim og kjøkken har betydd som arbeidsplass, både kulturelt og økonomisk (også for sysselsettingstala), er det ikkje vanskeleg å sjå for seg at om ein retter granskingsblikket mot husmødrene sine lokale arbeidsarenaer, vil ein kunne nøste fram uendeleg mange nye tema som ein knapt har tenkt på før. Her ligg også eit potensiale for å kaste nytt lys over sjølve begrepet «arbeid». Korleis har det variert i innhald blant husmødrene, og korleis har det stått i forhold til andre uttrykk om verksemder vi i dag vil kunne kalle arbeid, som t.d. å stelle, sørge for, passe på, ståke, ordne eller tjone?

Mye historie om arbeid er også vorte bygd på perspektiv der rørsla på ein eller annan måte har utgjort eit sentrum, og der organisering og politisk «bevisstgjering» har framstått så å seie som «mål» eller «sluttresultat» i «utviklinga». Da har det ofte handla både om korleis arbeidsfolk gjennom arbeidet «lærte» at dei måtte organisere seg, og korleis ulike typar arbeidsliv bidrog til å «gjøre» noen grupper arbeidsfolk radikale og kampvillige, andre ikkje. Eg meiner ikkje å seie at slike spørsmål er vorte uviktige, eller uttømte. Her òg står mye att å finne ut, og ikkje minst: å tolke på nye måtar. Men i dag er det lite grunn til å sjå historiske tema innan dette feltet som ordna i hierarki, med noen som overordna og trygt plassert i eit fast sentrum, andre som underordna. Det kan gjere at mye av det ein finn i lokale studiar, kanskje særleg folks daglege arbeid, lett blir like fast plassert i periferien. Alle sider ved menneskelivet kan *gjerast* viktige eller



I dagleglivet til mange kvinner har det ikkje vore klare skilje mellom arbeid og ikkje arbeid. Her er ei kvinne frå Singsås på veg frå «bua» med ryggsekk. Medan ho gjekk, strikka ho. Men såg ho på det som arbeid? Foto: Trøndelag Folkemuseum.

interessante uavhengig av kva «anna» dei bidreg til å forklare eller ikkje.

Arbeid og respekt – for dei mange, men også dei få

Det er vanskeleg å diskutere kva vi bør sjå som viktig og ikkje å skrive historie om. Kriteria for det vil variere, og bør få gjøre det. Ein måte å argumentere omkring det på, er å vise til «forskningsfronten», og peike på kva som der finst avudekte hol. Men det som avgjør kva tema vi plukkar ut mellom dei uendelege mange som vi veit for lite om, har også *mye* å gjøre med kva vi verdset i vår eiga tid og våre eigne liv. *Det* vil vi gjerne vite meir om korleis det var før, kanskje for å ha noe å sette «forholda i dag» opp imot, på godt og vondt, eller for å vise det fram som eksempel. Motiva er mange i folk sitt forhold til «historia».

I si bok om jernarbeidarar ved to bedrifter i Kristiania 1890–1940, presenterte Knut Kjeldstadli tre formål med studien. Det første var å finne ut «Hvordan var det å være jernarbeider (...)? Å vite noe om tidligere tiders arbeid gir glede og respekt, slik at konkret kunnskap om dette i seg sjøl er et mål. Derfor vil vi beskrive ganske inngående hva folk i jernarbeideryrkene gjorde». Så brukte han nesten 500 sider på å skildre og analysere grundig arbeidslivet ved Kværner Brug og Christiania Spigerverk.¹³ For å trekke det litt vidare: Skal historisk viten om arbeid og arbeidsfolk gi «glede og respekt», blir det eit mål i seg sjølv å skildre konkret kva folk gjorde i det arbeidet det handlar om. Og det let seg best gjøre i lokale forteljingar. Da vil ein også fort finne ut at t.d. jernarbeid, eller jernarbeidarar, for ikkje å seie «arbeidsfolk», kunne vere så mangt.

Jernarbeidarar har vore ei toneangivande gruppe i norsk industriarbeidsliv. At det er viktig å vite mye om dei, let seg også grunngi ved å vise til at dei var mange. Skal «glede og respekt» få vere eit av motiva for å velje tema å skrive om, blir likevel inga gruppe arbeidsfolk for lita, og ikkje noe arbeid for sjeldant eller spesielt, å fortelje historie om. Da kan nettopp det å sette seg inn i livserfaringar som var uvanlege, som gjaldt for dei få, kanskje berre for eitt menneske, bidra til å utvide horisonten.

I det lokale soknelyset vil ein fort støyte på arbeid som det tilsynelatande kan hørast både trivielt, uinteressant og uviktig å samle på historie om. Eit eksempel kan hentast frå eit prosjekt om daglegliv i Midtbyen i Trondheim.¹⁴ Under arbeidet med det fekk eg høre om ei husmor som i mellomkrigstida tente litt ekstra pengar til seg og familien ved å ta på seg rensing av slips. Slips var vanlegvis ikkje vaskbare. Men denne kvinnen hadde fått ei oppskrift på rensing av slips frå noen ho kjende i Kristiania. Ho fekk ein butikk i Kongens gate til å ta imot slipsa for seg. Med jamne mellomrom var ho innom der for å hente slips. På den eine sida kunne ein ha fortalt om dette arbeidet for å vise eit eksempel på kvinnegleg mangesysleri, på korleis kvinner i byen fylte dagen sin med eit mylder av ulike arbeidsoppgåver, og brukte eit mangfold av høve til å bidra til det som trongst i hushaldet. Å bruke historia slik, til å illustrere eit generelt mønster, ville ha styrt soknelyset mot det vanlege ved ho. Ein annan måte å bruke ho på, var å prøve å dra nytte

netttopp av det uvanlege, også av detaljar som elles kunne hørast ubetydelege og trivielle ut. I historia om slipsrensinga fanst t.d. spor etter refleksjonar hos ei kvinne over det fenomenet at noen i byen leverte sine slips til rensing, medan andre kjøpte seg nye, og over det merkverdige at ikkje dei som hadde råd til det, heller kjøpte seg nye slips, slik andre gjorde. Dermed får ein også fram noe om kva slags kulturelle meiningsinnhald og sosiale relasjonar som var knytta til det bestemte arbeidet.

Vanleg eller typisk kan ein vanskeleg avgjere om dette var, men noe å lære av det kan det likevel vere. Ei lokal historie om arbeid kan vere verdifull på fleire måtar: Ho kan bidra til bildet av generelle mønster i «arbeidslivet». Om ho ikkje gjer det, kan ho likevel gi minst like verdifulle innsikter i menneskelege meiningssamanhangar som har vore knytta til eit bestemt arbeid. Og konkret skildra og godt fortalt vil ho i alle tilfelle kunne bidra til å gi dei som les ho, respekt for arbeid og arbeidsfolk – ikkje berre i fortida.

Ingår Kaldal

Førsteamanuensis

Adr.: Historisk institutt

NTNU, 7034 Trondheim

Notar

- 1 Foredrag ved landsmøtet til Landslaget for Lokalhistorie i Narvik 20. juni 1997, seinare framført på årsmøtet til Hommelvik Historielag 5. mars 1998, her i bearbeidd versjon.
- 2 Faget og folket. Ulykkelig kjærleik og ødeleggande krangel. i *Heimen I/1989* (s. 42–48), og Fram for lokalhistorie, som historisk refleksjon. i: *I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. Landslaget for lokalhistorie 75 år 1920–1995*. Theim 1995.
- 3 I doktoravhandlinga mi (Ingår Kaldal. *Arbeid og miljø ved Follaoss tresliperi og Ranheim papirfabrikk 1920–1970*. Nr 3 i Skriftserie ved Historisk Institutt. Trondheim 1994) handla det om livet på to industriarbeidsplassar i Trøndelag. Ieit prosjekt eg utførte etter det, for Trøndelag Folkemuseum (Ingår Kaldal. *Veit og gate. Daglegliv i Midtbyen i Trondheim 1880–1950*. Universitetsforlaget 1997), var eitt av fleire tema frå dagleglivet korleis gatemiljøa var fylte med ulike arbeidsverksemder. I det pågående nordiske prosjektet «Kulturelle prosesser i nordiske skogsbygder», handlar underteikna sitt delprosjekt om kvinnernas og menns arbeidsliv og daglegliv i skogsbygdene Trysil og Nord-Värmland.
- 4 Eit godt eksempel på korleis det kan gjerast, er Kjartan Fløgstad si bok: *Arbeidets lys. Tungindustrien i Sauda gjennom 75 år. 1990* (Jmf Bokmelding i *Heimen 4/1991*).
- 5 Edvard Bull. Fra bøndenes og husmennenes samfunn til den organiserte kapitalisme. i: E. Bull. *Retten til en fortid. Sosialhistoriske artikler*. Oslo 1981, s. 12.
- 6 Edvard Bull. «Det er pedagogikk i arbeidet vårt». i: E. Bull. 1981 (sjå forrige note), s. 47.
- 7 Noen av eksempla på det er Kaldal 1994 (sjå note ovanfor), Øyvind Bjørnson. *Den nye arbeidsdagen – Bedriftsledelse og arbeidere ved Stordø kisgruver 1911–1940*. AHS Serie A 1987 – 1, og Knut Kjeldstadli. *Jerntid. Fabrikksystem og arbeidere ved Christiania Spigerverk og Kværner Brug fra om lag 1890 til 1940*. Oslo 1989 (Jmf bokmelding i *Heimen 3/1989*).
- 8 Noe av dette finn ein lett fram til om ein går igjennom årgangar bakover i tidsskrift som *Dugnad, Norvég* eller *Nord-Nytt*.
- 9 Banebrytande i så måte i Norge var Øyvind Bjørnson sin analyse av korleis ei norsk arbeidarklasse og -rørsle vart skapt i ei tid da ulike grupper arbeidsfolk var svært så ueinsarta (Øyvind Bjørnson. *På klasekampens grunn (1900–1920)*. *Arbeiderbevegelsens historie i Norge, bind 2*. Oslo 1990). I seinare tid er det perspektivet vorte understrekka og utdjupa i Knut Kjeldstadli. Solidaritet og individualitet. i: Coninck-Smith, Rüdiger og Thing (red). *Historiens kultur. Fortelling. Kritik. Metode*. Københavns Universitet 1997, s. 18f.
- 10 Paul Tage Halberg. *Den stolte sliter. Skog- og landarbeiderne 1900–1990 – en kamp for likeverd*. Oslo 1993.
- 11 Kari Melby. *Kvinnelighetens strategier. Norges Husmorforbund 1915–1940 og Norges Lærerinneforbund 1912–1940*. Dr.avhandling. Universitetet i Trondheim 1995.
- 12 Ein viktig start i så måte var Anna Jorunn Avdem og Kari Melby. *Oppे først og sist i seng: husarbeid i Norge fra 1850 til i dag*. Oslo 1985. Etter det er lite nytt gjort. Eit eksempel ein kan lære mye av i så måte, er likevel Liv Emma Thorsen. *Det fleksible kjønn. Mentalitetssendringer i tre generasjoner bondekvinne 1920–1985*. Oslo 1993 (ein lokal studie av bondekvinners arbeid i Skaun).
- 13 Knut Kjeldstadli 1989, sjå note 7, s. 11.
- 14 Ingår Kaldal. *Veit og gate. Daglegliv i Midtbyen i Trondheim 1880–1950*. Universitetsforlaget 1997, s. 353f.